

Saksgang

Utv.	saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16.11.2021
Fylkesutvalet		30.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

Nye bompengepakkar på Haugalandet - Prinsippvedtak

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget sluttar seg til at Rogaland og Vestland fylkeskommunar og kommunane på Haugalandet arbeider vidare med nye bompengepakkar på fylkeskommunalt og kommunalt vegnett på Haugalandet.
2. Fylkestinget ber om at det vert arbeidd vidare med ein eigen bompengepakke for Haugesund nord-Sveio/fv. 47. Det vert lagt til rette for val av innretting og ambisjonsnivå i pakken når dei planlagde utgreiingane er gjennomførte og aktuelle alternativ er skildra.
3. Fylkestinget sluttar seg til at bompengepakkar på fylkeskommunalt og kommunalt vegnett blir planlagt med tanke på at det også kan kome bompengeinnkrevjing på store statlege prosjekt på E134 og E39.
4. Fylkestinget ber Statens vegvesen starte regulering av heile strekninga E134 Bakka-Solheim, og utgreie moglegheit for bompengefinansiering til delfinansiering av prosjektet.
5. I arbeidet med nye bompengepakkar på Haugalandet legg fylkestinget til grunn at konsekvensane av den samla bompengebelastninga skal bli vurdert.
6. Fylkestinget vil ta endeleg stilling og eventuelt gjere forpliktande vedtak om dei einskilde bompengepakkane når dei er ferdig utgreidd og er klare for oversending til sentral handsaming.

Samandrag

Haugalandspakken går ut i 2023, og Rogaland og Vestland fylkeskommunar samarbeider med kommunane på Haugalandet om å greie ut nye bompengepakkar. Det har vore drøfta ein regional fellespakke for heile regionen, eller ein bypakke og eigne bompengepakkar for Karmøy/fv. 547 og Haugesund nord-Sveio/fv. 47. Eit notat med skildring av arbeidet det siste året og administrative tilrådingar til det vidare arbeidet har vore på høyring til kommunane og statsetatarar.

Det vert rådd til å arbeide med ein bypakke for Haugesund som grunnlag for ein byvekstavtale. Vidare til å starte ein moglegheitsstudie i samarbeid med Rogaland fylkeskommune om utbetring av fv. 47 Førland-Haukås i Sveio kommune som grunnlag for å avklare innretting og ambisjonsnivå for ein eventuell strekningspakke for fv. 47 for Haugesund nord og Sveio. Det vert også rådd til å vurdere ein strekningspakke for fv. 547 gjennom Karmøy.

Dei ulike prosjekta på Haugalandet må sjåast i samanheng, og konsekvensane av den samla bompengebelastinga må vurderast. Bompengepakkar på fylkeskommunalt og kommunalt vegnett blir planlagt med tanke på at det også kan kome bompengeinnkrevjing på store statlege prosjekt på E134 og E39.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør

Dina Lefdal
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Haugalandspakken omfattar dei 7 kommunane på Haugaland inklusiv kommunane Sveio og Etne i Vestland. Pakken går ut i 2023, og Rogaland og Vestland fylkeskommunar samarbeider med kommunane på Haugalandet om å greie ut nye bompengepakkar. Arbeidet er m.a. forankra i «ATP Haugalandet»¹, og konseptvalutgreiing (KVU) Haugesund². Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak 2. mai 2019:

«Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen startar arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakka(r) på Haugalandet som skal løyse samferdselsutfordringar i kommunane».

Rogaland fylkeskommune og kommunane på Haugaland gjorde i tillegg slikt vedtak:

«Videre brukerbetalning på Haugalandet etter at Haugalandspakken er avsluttet i 2023 blir fremmet i en by- og tettstadspakke, samt egne strekningsvise pakker for aktuelle strekninger på E134, E39 og Fv.47».


Vedtaket la ikkje opp til ei regional fellespakke på Haugalandet slik som i dag, men å skilje mellom:

1. Bypakke/by- og tettstadspakke for byområdet og eventuelt andre tettstader.
2. Eigen bompengepakke for fylkesveg 547 på Karmøy.
3. Eigen bompengepakke for fylkesveg 47 i Haugesund nord/Sveio.
4. Statlege bompengeprosjekt på E134 og E39.

I utgreiinga av nye bompengepakkene samarbeider fylkeskommunane, kommunane på Haugalandet, Statens vegvesen og Statsforvaltaren gjennom ei koordineringsgruppe på administrativt nivå, og ei politisk referansegruppe der ordførarane og fylkespolitikarar deltek. Frå Vestland fylkeskommune deltek Siri Klokkerstuen i politisk styringsgruppe. Hausten 2020 vart det utforma eit «arbeidsprogram» for prosessen. Arbeidet er delt inn i fleire fasar med moglegheit for politisk forankring under vefs, jf. figur nedanfor.

I løpet av 2021 har det vore drøfta strategiske val/alternativ for dei nye bompengepakkane, under dette regional utvikling og behov, regional inndeling i pakkar, geografisk avgrensing, innretting og ambisjonsnivå for pakkane mv. Arbeidet og aktuelle alternativ er skildra i eit høyringsnotat, som vart sendt til kommunane og statsetatane i september (vedlegg 2). Kommunane/statsetatane er i høyringa bedt om å svare på kva for bompengepakkene dei vil arbeide vidare med på Haugalandet.

Fylkestinga sine vedtak i desember avgjer kva for pakkar fylkeskommunane og kommunane skal gå vidare med. Når pakkane etter dette blir utforma meir detaljert, skal dei skildre mål og prinsipp for prioritering, kva for prosjekt som er aktuelle, kostnader og finansieringsgrunnlag, takstnivå og innkrevingssystem mv. I tillegg må hovudprosjektet i kvar pakke regulerast og kostnadsvurderast.



Figur: ProsesSEN for nye bompengepakkene på Haugalandet. Hausten 2021 har det vore ei høyring om strategiske val for nye bompengepakkene på Haugalandet.

Når dei nye bompengepakkane er ferdig planlagde, vil dei bli lagt fram til politisk handsaming i dei berørte kommunane og fylkeskommunane. Det er først på dette tidspunktet at kommunane og fylkeskommunane må ta stilling til om dei sluttar seg til bompengepakkene i eigen kommune/fylke eller


¹ Rogaland fylkeskommune 2016. Regional plan for areal og transport på Haugalandet.

² Statens vegvesen 2015. KVU Haugesund (Konseptvalutredning for Haugesundsområdet).

ikkje. Etter lokalpolitiske vedtak blir bompengepakkane sendt vidare til sentrale styresmakter for kvalitetssikring og til slutt handsaming i Stortinget.

Problemstilling

Høyringa har storfesta at det er ulike oppfatningar blant kommunane om det skal vere ein regional fellespakke for heile regionen, eller ein bypakke og eigne bompengepakkar for Karmøy/fv. 547 og Haugesund nord-Sveio/fv. 47, jf. prinsippvedtaket frå 2019. For dei tre bompengepakkane på fylkeskommunalt/kommunalt vegnett, vil det eventuelt vere fylkeskommunane som får rolla som «oppdragsgjevar». Det vil difor vere fylkestinga i Rogaland og Vestland som må vedta om fylkeskommunane og kommunane skal arbeide vidare med desse bompengepakkene.



Kartet viser dei ulike aktuelle strekningane:

- A: Rogfast (under bygging)
- B: E134 Bakka-Solheim (vedteke kommunedelplan, regulering ikkje starta opp, prioritert i Stortinget i NTP 2022-2033)
- C: E39 Bokn-Hope (SVV har starta arbeid med kommunedelplan)
- D: E134 Helganes-Aksdal m/ Karmsund bru (ikkje omtala i NTP 2022-2033)
- 1: Bypakke Haugsund (aktuell for byvekstavtale)
- 2. Fv 547 Karmøy
- 3. Fv 47 Haukås-Førland (Strekninga Førland-Ekrene er i sørlege del, på tvers av fylkes- og kommunegrensa).

Høyringsspørsmål

Fylkeskommunane sendte ut eit høyringsnotat med frist 20. oktober til kommunane på Haugalandet, Statens vegvesen og Statsforvaltaren i Rogaland. Det er stilt følgjande spørsmål:

Felles spørsmål til alle

- Skal fylkeskommunene og kommunene på Haugalandet arbeide videre med en bypakke og egne bompengepakker for Karmøy/fv. 547 og Haugesund nord-Sveio/fv. 47?
- Skal det planlegges for at det kan komme bompengeinnkreving til store statlige prosjekter på E134 og E39 etter hvert som de blir klare, deriblant til E134 Helganes-Aksdal/Karmsund bru?

E134 i Vindafjord og Etne

- Skal eventuelle bompenger på E134 i Vindafjord og Etne innrettes mot Bakka-Solheim, framfor en mulig, framtidig bompengepakke med mindre prosjekter?

Bypakke

- Skal fylkeskommunene og de berørte kommunene arbeide videre med en bypakke?
- Skal bypakken innrettes mot ny statlig tilskuddsordning i Nasjonal Transportplan med nullvekstmål for personbiltransport?
- Skal bypakken avgrenses geografisk til å gjelde Haugesund og fastlands-Karmøy?

Karmøy/fv. 547

- Skal Rogaland fylkeskommune og Karmøy kommune arbeide videre med en egen bompengepakke for Karmøy/fv. 547?

Haugesund nord-Sveio/fv. 47

- Skal Rogaland og Vestland fylkeskommuner og Haugesund og Sveio kommune arbeide videre med en egen bompengepakke for Haugesund nord-Sveio/fv. 47?
- Skal de undersøke hva som er mulig å oppnå med forbedringer langs dagens veg, før pakken utformes detaljert? Alternativt allerede nå bestemme at det skal bygges ny veg på strekningen Førland-Ekrene?

Figur: Spørsmål som fylkeskommunane ønsker tilbakemelding på fra kommunane og statsetatane.

Høyringsinnspele frå kommunane og statlege etatar med fylkesdirektøren sine kommentarar

Nedanfor er hovudinhaldet i høyringsinnspele frå kommunane og statlege etatar skildra, og med fylkesrådmannen sine vurderingar. Høyringsinnspele går fram i sin heilskap i vedlegg 1 (sortert etter tema og kommune/etat).

1. Innspel om bompengepakkar som fylkeskommunane og kommunane skal arbeide videre med:

I den politiske referansegruppa har eit sentralt tema vinter/vår 2021 vore kva for bompengepakkar det skal arbeidast vidare med. Det er skissert ulike alternativ, og Statens vegvesen og fylkesdirektørane har gitt sine tilrådingar (vedlegg 3 og 2). Prosessen og alternativa er skildra i høyringsnotatet i kap. 0.3 (samandrag) og meir utfyllande i kap. 3.

Fem av de sju kommunane på Haugalandet har sluttar seg til at fylkeskommunane og kommunane arbeider vidare med ein bypakke og eigne bompengepakkar for Karmøy/fv. 547 og Haugesund nord-Sveio/fv. 47, slik fylkesadministrasjonane også har tilrådd. Kommunane Sveio og Etne har gjort slike innstillingar til kommunestyret:

- Etne formannskap har sluttar seg til alle dei tre tilrådde pakkane.
- Sveio formannskap har gitt tilslutning til videre arbeid med både bypakke og «*bompengepakke for fv 47 Førland i Haugesund til Haukås i Sveio*».
- Statens vegvesen formidla sine innspel ovanfor politisk referansegruppe i april (vedlegg 3), og har ikkje kome med innspel ut over dette.

For dei store prosjekta på E134 og E39 vil bompengeinnkrevjing framleis liggje eit stykke fram i tid. Dette heng m.a. saman med at statlege prosjekt først må vere regulerte og ha avklart finansiering gjennom Nasjonal transportplan før dei vert fremja. Også for pakkene med mindre, statlege utbetringsprosjekt skal statleg finansiering vere avklara. Dette er ikkje på plass for prosjekt på E134 og E39 på Haugalandet. Slik fylkesdirektøren ser saka, er det dermed ikkje mogleg å fremje ein regional fellespakke med statlege prosjekt på E134 og E39.

Videre har Statens vegvesen signalisert at dei ønskjer å få planlagt dei store prosjekta E39 Bokn-Hope gjennom Sveio, Tysvær og Bokn kommunar og E134 Helganes-Aksdal/Karmsund bru først - før det eventuelt takast initiativ til bompengefinansiering for større eller mindre prosjekt på desse strekningane. For E134 har kommunane Vindafjord og Etne prioritert E134 Bakka-Solheim som einskildprosjekt (punkt 3 nedanfor), og det gjer at det er lite aktuelt med ein regional fellespakke med innkrevjing og prosjekt i Vindafjord og Etne.

I tillegg kjem utfordringar med at ein regional fellespakke kan få kryssande mål for prosjektprioritering mellom byar/tettstadar og spreittbygde område, jf. ny tilskotsordning for byområde med krav om nullvekstmål. Det er også styringsmessige utfordringar om store statlege prosjekt skal inngå i same pakke som mindre fylkeskommunale og kommunale prosjekt.

Fylkesdirektøren meiner difor at handlingsrommet vert avgrensa til å arbeide vidare med bompengepakkene på fylkeskommunalt og kommunalt vegnett i dei ytre delane av regionen som har trafikkgrunnlag til dette. I dei delane av regionen som i så fall ikkje blir omfatta av nye bompengepakkene, og område der det tar tid før bygging og bompengeinnkrevjing på E134 og E39 er aktuelt, må vegnettet utviklast vidare med ordinære statlege, fylkeskommunale og kommunale budsjettmidlar.

2. Innspel om framtidige bompengar på E134 og E39:

Statens vegvesen har bedt om tilbakemelding på om fylkeskommunane og kommunane vil planlegge for at det kan kome bompengeinnkrevjing til store statlege prosjekt på E134 og E39 parallelt med at det pågår bompengepakkene på fylkeskommunalt/kommunalt vegnett. Dei har samtidig signalisert at tilbakemeldinga kan få betydning for om dei sjølv vil prioritere å setje i gang kommunedelplan for E134 Helganes-Aksdal/ Karmsund bru.

Alle dei fem kommunane som har uttala seg til dette, har signalisert ei positiv haldning til at det kan kome nødvendig bompengeinnkrevjing for å fullfinansiere dei store statlege prosjekta. Særleg er prosjekt på E134 trekt fram:

- Etne og Vindafjord ønskjer at det vurderast moglege bompengar til E134 Bakka-Solheim, og at dette kjem med i ei samla vurdering av nye bompengepakkene i regionen.
- Også Haugesund, Karmøy og Sveio stiller seg positive til bompengeinnkrevjing for fullfinansiering av E134 Bakka-Solheim og ber Statens vegvesen utgreie dette.
- Haugesund, Karmøy og Sveio stiller seg også positive til bompengeinnkrevjing til E134 Helganes-Aksdal med ny Karmsund bru, og ber Statens vegvesen starte arbeid med kommunedelplan. Kommunane har mål om finansiering i neste NTP 2026-37.

Fylkesdirektørane vil fortsette dialogen med Statens vegvesen for å koordinere utgreiningar av trafikk- og inntektsgrunnlag mv. I proposisjonane til Stortinget må det synliggjerest at det vil vere rom for å kome inn med die statlege prosjekta når dei blir plan- og finansieringsavklart.

3. Innspel om innretting av bompengar på E134 i Vindafjord og Etne:

Statens vegvesen har etterspurt ei avklaring frå Vindafjord og Etne om dei ønskjer at framtidige bompengar på E134 skal innrettast mot Bakka-Solheim-prosjektet, eventuelt mot ein mogleg pakke med mindre utbetringsprosjekt. Dei har samstundes signalisert at det ikkje vil vere rom for begge delar samtidig.

Etne og Vindafjord har gjort felles vedtak, der dei seier at «*det er for oss viktig å prioritere ei strekningsvis utbygging av ny E-134 Bakka - Solheim i ein eventuell bompengepakke, framfor ein pakke med mindre prosjekt på eksisterande europaveg og fylkesveg*». Dei er også opptekne av at heile strekninga må takast med i ei komande detaljregulering.

4. Innspel om avgrensing og innretting av bypakke:

For det vidare arbeidet med ein bypakke, må det avklarast om den skal innrettast mot den nye tilskotsordninga for mellomstore byområde i NTP, der Haugesund byområde er eit av fem som kan få statlege tilskot til «*mindre investeringer i gang- og sykkelveier og kollektivtiltak som kollektivfelt, holdeplasser og knutepunkter*». Ordninga føreset at det blir oppretta ein bypakke, og at det blir inngått ei avtale med staten med forplikting til nullvekstmål for personbiltransport.

Alle dei fem kommunane som har uttala seg om bypakken (Haugesund, Karmøy, Sveio, Etne og Vindafjord) og statsforvaltaren i Rogaland har sluttat seg til at den innrettast mot den nye tilskotsordninga med nullvekstmål.

Vidare har fylkeskommunane bedt om tilbakemeldingar på korleis bypakken skal avgrensast geografisk. Dette vil ha betydning for kva for kommunar som skal delta, og for prioritering av prosjekt.

Også på dette punktet er det langt på veg semje mellom kommunane om at bypakken skal ta utgangspunkt i byområdet, men varierer litt.

Sveio har ikkje omtalt bypakken i sine vedtak, då dei har ønskja ein regional fellespakke. Vidare ønskjer dei å vere involvert i bypakka og ha opning for å kome med etter at kommunen har fått eit betre avgjerdsgrunnlag for å velje innretting og ambisjonsnivå.

Det er i høyringsnotatet antyda ein moglegheit for at Haugesund-delen av fv 47 kan inngå i bypakken. Det er vidare peikt på at det kan bli kostnadsmessig og transportpolitisk utfordrande å innlemme Førland-Ekrene-prosjektet i bypakken, men at motsetningane reduserast ved mindre utbetingar på fv. 47 og fullføring av gang-/sykkelveg mv. Fylkeskommunedirektøren meiner det vil vere mogleg å skyve problemstillinga til etter at planlagde moglegheitsstudium mv. er gjennomført, sjå nedanfor.

Bypakken kan vere klar når påbegynt arbeid med regulering av Risøy bru er ferdig. Dette blir truleg det største prosjektet i bypakka, og må ha godkjent reguleringsplan og kostnadsanslag før bypakke kan fremjast til lokalpolitisk handsaming. Bypakka må også ta høgde for at det kan bli aktuelt med utbygging av ny E134 Karmsund bru i løpet av innkrevningsperiode med delvis bompengefinansiering.

5. Innspel om å utgreie forbetringar på fv. 47 Haugesund-Sveio:

I noverande Haugalandspakke blir ny fv. 47 Fagerheim-Ekrene bygd i Haugesund kommune, mens den vidare strekninga til Ekrene over kommunegrensa til Sveio vart teke ut av Haugalandspakka grunna manglende finansiering. Førebelse utrekningar indikerer at bompengebelastninga kan bli betydeleg om den resterande delstrekninga Førland-Ekrene skal finansierast gjennom innkrevjing på fv. 47. Fylkesdirektørane i Rogaland og Vestland har difor tilrådd at det blir utgreidd kva som er mogleg å oppnå med utbetring av dagens fv. 47 samanlikna med Førland-Ekrene.

Sveio formannskap har stilt seg positiv til å utgreie ei utbetring av dagens veg før dei tek stilling til ambisjonsnivå i ein ny bompengepakke. Også Haugesund gir tilslutnad til å utgreie utbetringar av dagens veg, og viser behovet for å oppnå eit samanhengande samband for gåande og syklande. Statsforvaltaren i Rogaland sluttar seg til dette.

Sveio kommunestyre har også gjort følgjande vedtak: «Sveio kommune ber om at ny trasé for fv. 541 Grimstveit-Sveio blir prioritert fram av vegeigar. Dette med særleg grunnlag i vegen si betydning som beredskaps- og omkjøringsveg for E39 Bømlafjordtunnelen, å betra tilhøva for mjuke trafikantar, og som ein viktig tilførselsveg til industriområde og forventa auke i trafikk i samband med ny fiskerihamn på Langevåg, Bømlo.»

Rogaland fylkeskommune har løyvd planmidlar til ein moglegheitsstudie på Rogaland-sida. Fylkesdirektøren legg opp til å løyve midlar også for Vestland sin del. Det vert lagt opp til koordinering av arbeidet på begge sider av fylkesgrensa, der også dei to kommunane vert involverte.

6. Innspel om innretting av bompengepakke på Karmøy:

Karmøy kommunestyre gir i sitt vedtak tilslutnad til å arbeide vidare med ein ny bompengepakke for Karmøy/fv. 547.

7. Innspel om samla bompengebelasting på Haugalandet:

Høyringsnotatet nemner at den samla bompengebelasting på Haugalandet kan bli høg om dei nye bompengepakkane skal vidareføre ambisjonsnivået frå dagens Haugalandspakke, og det i tillegg kan kome innkrevjing til store statlege prosjekt på E134 og E39.

Fleire av kommunane har vore opptekne av samla bompengebelasting i sine høyringsinnspele.

Høyringsnotatet legg opp til at den første av bompengepakkane som ferdigstilla må innehalde ei vurdering av kva som kan bli samla bompengebelastinga i området. Krava til nye bompengepakkene inneberer uansett at det skal utgreiaast kva konsekvensar bompengenivået kan få for trafikkmengda og mobilitet.

8. Innspel om bompengar kravd inn på E134:

Høyringsnotatet omtaler at nye bompengepakker må vurdere alle sider ved innkrevjingssystemet på nytt, som plassering av bomstasjonar, innkrevjingsretning, fritaksregel mv. Dette kan likevel ikkje gjerast før pakkane er utforma meir detaljert. Det må her bli lagt vekt på nytteprinsippet om at det skal vere samsvar mellom kven som betalar og kven som har nytte av prosjekta.

Bokn, Etne, Sveio, Tysvær og Vindafjord kommunar har omtala nytteprinsippet. M.a. meiner Etne at eventuelle bompengar på E134 berre skal gå til tiltak på denne vegen, og Sveio meiner at bompengar skal nyttast på den strekninga der dei er kravd inn.

Statens vegvesen har vist til at E134 i indre del av regionen og E39 har ein høg del gjennomgangstrafikk som ikkje vil ha nytte om innkravde midlar går til fylkesvegar. For byområde skal nytteprinsippet vurderast noko annleis, dels av di gjennomgangstrafikken i byområda er langt mindre, og dels av di det i byområde gjeld eit «utvida nytteprinsipp» om at bilistar kan ha indirekte nytte av tiltak andre stedar om desse betrar trafikksystemet samla sett, og at dei kan ha nytte av tiltak som gjer at fleire går, syklar eller tek buss og med dette avlastar vegnettet.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget skal etter pkt. 2.1 ha ansvar for overordna planlegging og regional utvikling.

Vurderingar og verknader

Om fylkestinga vedtek å gå vidare med ein brytpakke og eigne bompengepakkar for Karmøy/fv. 547 og Haugesund nord-Sveio/fv. 47, vil det bli behov for eit tettare fagleg og politisk samarbeid med Haugesund, Karmøy og Sveio kommunar. Samtidig er det ønskjeleg å ivareta det regionale samarbeidet og dei andre kommunane sine behov for informasjon og medverknad frametter. Fylkesdirektøren vil ta opp spørsmålet om vidare organisering av bompengearbeidet med kommunane i administrativ koordineringsgruppe og politisk referansegruppe, og vil kome attende med dette.

For bompengepakken Haugesund nord-Sveio/fv. 47, vil første fase vere å utarbeide ein moglegheitsstudie saman med Rogaland fylkeskommune for å avklare ambisjonsnivå og innretting av ein ev. bompengepakke for strekninga. Fylkesdirektøren opp til eit nytt strategival om ca. eit år når den planlagde moglegheitsstudie for fv. 47 er ferdig. Etter dette kan pakka planleggjast meir detaljert, og det største prosjektet/prosjekta må regulerast. Dette må sjåast i saman med arbeidet med brytpakke Haugesund som på det tidspunkt vil ha kome noko lenger.

Gjennom Stortinget si handsaming av Nasjonal transportplan 2022-2033 vart dei samla sett fleirtal for å prioritere prosjektet E134 Bakka-Solheim i Etne og Vindafjord kommune. Det ligg føre godkjent kommunedelplan for prosjektet. Det er ikkje starta opp arbeid med regulering. Etter det fylkesdirektøren kjenner til, er det ikkje avklara når regulering vil starte opp. Det er heller ikkje avklara om det vert starta opp regulering av heile strekninga, eller berre E134 Bakka-Mo i Etne kommune.

Fylkestinget har prioritert strekninga E134 Bakka-Solheim, og det vert særleg viktig for Vestland at dette prosjektet vert prioritert av dei statlege prosjekta.

Dei statlege prosjekta ligg truleg litt fram i tid. Det kan vere aktuelt med oppstart av E134 Bakka-Solheim i første periode i Nasjonal transportplan (perioden 2022-2027), dei to andre ligg ikkje inne

i Nasjonal transportplan, og vil først vere aktuelle ved neste rullering av Nasjonal transportplan for perioden 2026-2037.

Det vil vere sentralt at det ikkje vert sett eit bompengenivå for bypakke Haugesund og for fv. 47 gjennom Sveio som gjer at den samla bompengebelastinga i området vert for stor, og/eller at det kan gjere det vanskelegare å finansiere dei statlege prosjekta. Det vidare arbeidet med bompengepakkar må ta høgde for dette.

Fylkesdirektøren tek på dette stadium i arbeidet til etterretning at det vert arbeidd med bompengepakkar i Haugesund og på fv. 547 gjennom Karmøy, samt at det er aktuelt å vurdere delvis bompengefinansiering av E134 Karmsund bru. Den vidare prosessen vil avklare eventuelle konsekvensar for Vestland av desse prosjekta.

Økonomi:

Eventuelle bompengepakkar på fylkesveg kan gjere det mogleg å byggje ut vegar som det elles ikkje finn plass i fylkeskommunen sitt budsjett.

Klima:

Ikkje relevant på dette stadiet.

Folkehelse:

Ikkje relevant på dette stadiet

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket støtter opp under strategi 3.3 i Utviklingsplan for Vestland; Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.

Konklusjon

Det vert rådd til å starte ein moglegheitsstudie i samarbeid med Rogaland fylkeskommune om utbetring av fv. 47 Førland-Haukås i Sveio kommune som grunnlag for å avklare innretting og ambisjonsnivå for ein eventuell strekningspakke for fv. 47 for Haugesund nord og Sveio.

Dei ulike prosjekta på Haugalandet må sjåast i samanheng, og konsekvensane av den samla bompengebelastinga må vurderast. Bompengepakkar på fylkeskommunalt og kommunalt vegnett blir planlagt med tanke på at det også kan kome bompengeinnkrevjing på store statlege prosjekt på E134 og E39. Fylkesdirektøren rår til å støtte at E134 Bakka-Solheim vert regulert, og at prosjektet er aktuell for delvis bompengefinansiering.

Fylkesdirektøren rår til å ta til etterretning at det vert arbeidd med bypakke i Haugesund og strekningspakke på fv 547. gjennom Karmøy.